

Til sentralane

Dato: 17.06.2014
Vår ref.: 2014/17787-1
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Brevet er berre sendt som e-post

Rapportering frå drosjesentralane - statistikk frå vekene 22-26

I samband med den årlege evalueringa av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde bed me dei ulike drosjesentralane om å levera informasjon. Rapporteringsplikta går fram av yrkestransportforskrifta § 50, og er vidare fastsett i drosjereglementet for Bergen køyreområde som vart vedteke i fylkesutvalet i Hordaland 01.12.09:

Pkt. 5 Drosjesentralane si rapporteringsplikt

Drosjesentralane pliktar innan 1. september kvart år å uoppfordra sende inn følgjande statistikk til fylkeskommunen:

- *Informasjon om totalt tal køyreoppdrag, fordelt på type køyring for veke 22-26*
- *Informasjon om disposisjon av drosjebilparken for veke 22-26*
- *Informasjon om årleg omsetning*

Drosjesentralane pliktar også etter krav frå fylkeskommunen å oversende annan relevant statistikk som fylkeskommunen måtte ha behov for, jf. yrkestransportforskrifta § 21. Ved brot på denne plikta kan fylkeskommunen fatte vedtak om at sentralen ikkje skal ha høve til å inngå formidlingsavtale med fleire løyvehavarar.

Me viser elles til konstruktivt samarbeidsmøte 11. juni 2014 der det vart semje om at sentralane kan levera tal på km-køyrte med passasjer samt på CO₂-utslepp.

Av omsyn til fylkeskommunen sin trong for å kunna samanlikna innleverte data mellom drosjesentralane og over tid, er det avgjerande at data vert levert på same form og spesifisert på same måte frå **alle** sentralane. Data skal leverast i excel rekneark på den forma og med det innhaldet som er vist i vedlegget. Data som avvik vesentleg i form og innhald frå det som er skissert vil ikkje kunna godtakast som levert. Ta gjerne kontakt med samferdselsavdelinga dersom noko er uklart.

Leveringsfrist er 1. september 2014

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.